

RAPPORT

2025

RAPPORT OM SVANGERSKAPSAVBROT 2024

Register over svangerskapsavbrot

(Abortregisteret)

Rapport om svangerskapsavbrot 2024

Register over svangerskapsavbrot (Abortregisteret)

Mette Løkeland (redaktør)
Rupali Akerkar
Olaug Margrete Askeland
Guri Sundgot Halvorsen
Rannveig Heiberg-Andersen
Mona Tornensis Hornæs
Liv Cecilie Vestrheim Thomsen
Amund Torvund Berg



Utgjeve av Folkehelseinstituttet
Område for helsedata og digitalisering
Register over svangerskapsavbrot (Abortregisteret)
Mars 2025

Tittel:

Rapport om svangerskapsavbrot 2024

Forfattarar:

Mette Løkeland (redaktør)
Rupali Akerkar
Olaug Margrete Askeland
Guri Sundgot Halvorsen
Rannveig Heiberg-Andersen
Mona Tornensis Hornæs
Liv Cecilie Vestrheim Thomsen
Amund Torvund Berg

Publikasjonstype: Rapport

Bestilling:

Rapporten kan lastast ned som pdf
på Folkehelseinstituttet sin nettstad: www.fhi.no

Folkehelseinstituttet
Postboks 4404 Nydalen
NO-0403 Oslo
Telefon: 21 07 70 00

Opplag: Berre elektronisk

ISSN 1891-6392

Emneord (MeSH): abort, abortregisteret, helseregister

Sitering: Løkeland M, Heiberg-Andersen R, Akerkar R, Berg AT, Askeland OM, Hornæs M, Halvorsen GS, Thomsen LCV. "Rapport om svangerskapsavbrot 2024". [Report on termination of pregnancies for 2024] Rapport nr. [1]–2025,0. Bergen: Folkehelseinstituttet, 2025.

Innhold

1. Innleiing	5
2. Datagrunnlaget	6
3. Kvalitetssikring	7
4. Kommentar til statistikken for 2024	8
5. Figurar og tabellar	11
Figur 1. Utførte svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner etter kvinna sin alder 2010-2024. Kjelde: Abortregisteret.	11
Figur 2. Fødsler per 1 000 kvinner for kvinner 15-49 år i perioden 2010-2024. Kjelde: Medisinsk fødselsregister.	11
Tabell 1. Utførte svangerskapsavbrot etter kvinna sin alder 1980-2024	12
Tabell 2. Utførte svangerskapsavbrot etter kvinna sitt bustadsfylke eller storby 2020-2024	13
Tabell 3. Utførte svangerskapsavbrot i aldersgruppa 15-19 år etter kvinna sitt bustadsfylke og storby 2020-2024	14
Tabell 4. Utførte svangerskapsavbrot i aldersgruppa 20-24 år etter kvinna sitt bustadsfylke og storby 2020-2024	15
Tabell 5. Utførte svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde og kvinna sin alder i 2024	16
Tabell 6. Utførte svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde 2015-2024	16
Figur 3. Svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner for aldersgruppa 15-49, 15-19, 20-24 og 25-29 år etter kvinna sitt bustadsfylke i 2024. Kjelde: Abortregisteret.	17
Figur 4. Svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner i aldersgruppa 20-24 i dei store byane i 2024. Kjelde: Abortregisteret.	17
Figur 5. Utførte sjølvbestemte svangerskapsavbrot etter metode 1998-2024. Kjelde: Abortregisteret.	18
Tabell 7. Utførte sjølvbestemte svangerskapsavbrot etter metode og svangerskapslengde 2015-2024	19
Tabell 8. Utførte sjølvbestemte svangerskapsavbrot per institusjon etter metode og andel avbrot utført før 9. svangerskapsveke i 2024	20
Tabell 9. Utførte svangerskapsavbrot etter type avgjerd 1980-2024	21
Figur 6. Nemndbehandla begjæringar ¹ og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot 2015-2024. Kjelde: Abortregisteret.	21
Figur 7. Begjæringar og utførte svangerskapsavbrot etter vedtak i primærnemnd 2015-2024. Kjelde: Abortregisteret.	22
Figur 8. Begjæringar og utførte svangerskapsavbrot etter vedtak i klagenemnd 2015-2024. Kjelde: Abortregisteret.	Feil! Bokmerke er ikke definert.
Tabell 10. Utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter abortlova § 2, tredje ledd, 2015-2024	23
Figur 9. Utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter abortlova § 2, tredje ledd, 2015-2024.	23
Figur 10. Utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde og indikasjon i abortlova § 2, tredje ledd bokstav c i 2023 og 2024. Kjelde: Abortregisteret.	24

Tabell 11. Utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde og indikasjon i abortlova i 2024.....	24
Figur 11. Prosentdel nemndbehandla svangerskapsavbrot før og etter 18 veker svangerskapslengde og etter indikasjon i abortlova § 2, tredje ledd bokstav c eller andre paragrafar 2015-2024. Kjelde: Abortregisteret.	25
Tabell 12. Nemndbehandla begjæringar om svangerskapsavbrot og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde i 2024, vedtak i primærnemnd	25
Tabell 13. Nemndbehandla begjæringar om svangerskapsavbrot og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde i 2024 vedtak i klagenemnd.....	26
Tabell 14. Nemndbehandla begjæringar om svangerskapsavbrot og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter kvinna sitt bustadsfylke i 2024	27
Tabell 15. Nemndbehandla begjæringar om svangerskapsavbrot og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter utførande helseinstitusjon i 2023 og 2024	28
Tabell 16. Talet på og prosentdelen abortar fullført utanfor sjukehus (heimeabort) i Helse Nord per utførande sjukehus i 2024.	29
APPENDIX A. Lover og forskrifter	30
APPENDIX B. Om statistikken	31

1. Innleiing

Det føreligg statistikk over talet på begjæringar, tal på innvilga begjæringar i nemnd og tal på utførte svangerskapsavbrot i Noreg sidan 1979. Statistisk sentralbyrå hadde ansvaret for [abortstatistikken frå 1979 til 2005](#).

[Folkehelseinstituttet](#) har vore ansvarleg for statistikken frå og med 2006, og for databehandlinga av [Register over svangerskapsavbrudd](#) (Abortregisteret) frå og med 2008.

Innsamling, lagring, handsaming og utlevering av opplysningar i Abortregisteret er regulert i [abortregisterforskrifta](#) med heimel i [helseregisterlova](#) § 8 andre, fjerde og femte ledd, § 9 andre ledd, § 10, § 16 fjerde ledd, § 17 tredje ledd og § 34 fjerde ledd.

Denne rapporten viser endelege tal over begjæringar om og utførte svangerskapsavbrot i Noreg i 2024.

2. Datagrunnlaget

Folkehelseinstituttet mottar opplysningar som er bestemt i abortregisterforskrifta § 1-7. Opplysningane vert sendt i elektroniske meldingar frå alle meldepliktige helseinstitusjonar, det vil seia alle sjukehus som utfører svangerskapsavbrot.

Meldingane som gjeld sjølvbestemte svangerskapsavbrot (innan utgangen av 12. svangerskapsveke (11 veker og 6 dagar)), inneheld avidentifiserte personopplysningar, administrative opplysningar og medisinske opplysningar.

Meldingane som gjeld nemndbehandla svangerskapsavbrot (etter utgangen av 12. svangerskapsveke), er i utgangspunktet personidentifiserande og omfattar i tillegg til opplysningane skildra over, opplysningar om indikasjon for svangerskapsavbrotet og om vedtak gjort i nemnd.

Meldingane som gjeld nemndbehandla svangerskapsavbrot etter [abortlova av 1975](#) § 2, tredje ledd, bokstavane a, b, d, og e, eventuelt kombinasjonar av desse bokstavane, vert avidentifisert etter kvalitetssikringa, og etter det lagra avidentifisert.

Meldingane som gjeld nemndbehandla svangerskapsavbrot etter abortlova § 2, tredje ledd, bokstav c vert registrert personidentifiserbart i [Medisinsk fødselsregister](#) med heimel i [Medisinsk fødselsregisterforskrifta](#) § 1-2, første ledd nr. 3. Ein har rett til å reservere seg mot permanent lagring av direkte personidentifiserbare opplysningar om svangerskapsavbrot i Medisinsk fødselsregister. I desse tilfella inngår spesifiserte opplysningar om patologiske tilstandar hos foster/medfødde misdanningar ikkje i abortstatistikken, men i [statistikken for Medisinsk fødselsregister](#).

3. Kvalitetssikring

Meldingane om begjæring om og utføring av svangerskapsavbrot vert registrert og lagra fortløpande i Abortregisteret ved Folkehelseinstituttet.

Kvalitetssikringsrutina omfattar kontroll av at meldingane inneheld alle opplysningar som er relevante og nødvendige for å oppnå føremålet med registeret, jf. abortregisterforskrifta § 1-7, andre ledd. Dersom nokre av dei obligatoriske opplysningane manglar, eller ved meldefeil, tar Abortregisteret kontakt med dei einskilde helseinstitusjonane for å komplettere og/eller korrigere meldingane.

Som ledd i kvalitetssikringa av Abortregisteret, og for å gjera abortstatistikken meir tilgjengeleg, har Folkehelseinstituttet i løpet av 2013-2017 gjennomgått dei ulike historiske datasetta og samla alle data frå 1979 til i dag i ein database. I 2017 fekk ein i tillegg ny elektronisk løysing som har gjeve forbetring av kvaliteten på data i registeret. Denne kvalitetssikringa har medført små justeringar i tidlegare publiserte tal. Etter publisering av endelege data for ein årgang kan det førekoma endringar i data grunna etterrapportering av abortar og kvalitetssikring.

4. Kommentar til statistikken for 2024

I 2024 vart det sendt inn 13 966 begjæringar om svangerskapsavbrot og utført 12 811 svangerskapsavbrot i Noreg. Dette er 26 færre utførte svangerskapsavbrot enn i 2023, og såleis stabile tal. Det var ein jamn nedgang i aborttala sidan 2008 fram til 2022. Etter auke i 2022 og 2023 stabiliserer aborttala seg i 2024 på eit nivå litt høgare enn rett før Covid-19-pandemien.

Avbrotsraten har ein nedgang frå 10,4 i 2023 til 10,3 per 1 000 kvinner i fertil alder (15-49 år) i 2024 og er såleis stabile. Finnmark, Troms og Nordland er dei fylka med flest svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner; 15,9 i Finnmark, 13,9 i Troms og 11,5 i Nordland. Dersom ein ser på avbrotsratane i dei store universitetsbyane så har Tromsø den høgste avbrotsraten på 13,6 og Stavanger den lågaste på 7,9 per 1000 kvinner. Rogaland, Vestland og Møre og Romsdal hadde dei lågaste ratane for svangerskapsavbrot; med 7,1 per 1 000 kvinner i Rogaland 7,9 i Vestland og 8,2 i Møre og Romsdal (Tabell 2). Det er per i dag 7 av 15 fylke som har ein avbrotsrate på 10 eller meir per 1000 kvinner (15-49 år).

I perioden frå 2009 fram til starten på pandemien med covid-19 i 2020 såg ein samtidig nedgang i avbrotsraten og i talet på fødslar per 1000 kvinner i fertil alder (15-49 år). Frå 2021 har den trenden endra seg (Figur 2).

Talet på svangerskapsavbrot i aldersgruppa 15-19 år¹ går opp

Nedgangen i svangerskapsavbrot ein har sett blant dei yngste kvinnene sidan 2008 har no stogga. Abortraten var på det lågaste i 2020, med 4,4 svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner i alderen 15-19 år, men auka til 6,8 i 2024. Det har vore ein oppgang i alle fylke bortsett frå i Oslo, Finnmark og Bergen, der det var ein nedgang (Tabell 3). I 1980 var talet 22,5 per 1 000 kvinner i alderen 15-19 år og den gongen var det denne aldersgruppa som hadde den høgste abortraten av alle (Tabell 1).

Finnmark hadde høgast førekomst av svangerskapsavbrot blant kvinner i aldersgruppa 15-19 år i 2024, med 14,4 per 1 000 kvinner, etterfølgt av Troms med 9,5 og Innlandet og Nordland med 7,8 per 1 000 kvinner. Lågaste førekomst av svangerskapsavbrot finn ein i Møre og Romsdal med 4,8, Telemark med 4,9 og Vestland med 5,3 per 1 000 kvinner i alderen 15-19 år (Tabell 3). Det er eit stort sprik i ratar frå 4,8 i Møre og Romsdal til 14,4 i Finnmark per 1000 kvinner i alderen 15-19 år og det er viktig å sjå dette i samanheng med at det dreier seg om små tal og relativt få kvinner.

Avbrotsraten er høgast i aldersgruppa 25-29 år

Aldersgruppa 20-24 år hadde lenge hatt den høgaste førekomsten av svangerskapsavbrot (Figur 1), men den har vore lågare enn avbrotsraten i aldersgruppa 25-29 år sidan 2016. Ein periode har den også vore lågare enn for gruppa 30-34 år, men sidan 2023 har den på nytt gått forbi denne aldersgruppa. I 2015 var raten 21,1 svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner både i alderen 20-24 og 25-29 år mot 16,1 og 16,5 i 2024. (Tabell 1). Abortraten i alderen 30-34 år var 15,3 i 2024.

¹ Desse tala inkluderer tal for aldersgruppa under 15 år. I 2024 vart det utført 20 svangerskapsavbrot i aldersgruppa under 15 år til liks med talet på avbrot i 2023.

Troms og Finnmark hadde høgast avbrottsrate med 25,4 og 24,1 per 1 000 kvinner i alderen 20-24 år, medan Agder hadde lågast førekomst med 11,8. Oslo, Buskerud og Innlandet har hatt den største nedgangen i denne gruppa frå 19,0 i 2023 til 16,8 i 2024 i Oslo, 18,8 til 16,6 i Buskerud og 16,1 til 13,9 i Innlandet.

Medikamentell abort er den vanlegaste avbrottsmetoden

Medikamentell behandling ved svangerskapsavbrot vart gjort tilgjengeleg i Noreg i 1998 og har vore den mest brukte avbrottsmetoden sidan 2008 (Figur 5). I 2024 vart 94,6 % av dei sjølvbestemte avbrota gjennomført medikamentelt, medan andelen var 45,3 % i 2007 (Figur 5). Volda sjukehus (84,5 %) har lågast bruk av medikamentell avbrottsmetode, medan Ringerike sjukehus, Odda Sjukehus og Lofoten sykehus har lågast bruk av kirurgisk metode (0,0 %) (Tabell 8).

Andel svangerskapsavbrot fullført utanfor sjukehus (heimeabort)

Vi kan presentere tal på abortar som vert avslutta utanfor sjukehus for Helse Nord. Dei som vert omtala som heimeabortar. I følge nasjonale retningslinjer så kan sjukehus tilby heimeabort til og med utgangen av 10. svangerskapsveke. I 2024 vart 62,8 % av alle avbrot innan utgangen av 10 veke avslutta utanfor sjukehus i Helse Nord. Det er stor variasjon mellom sjukehusa i bruk av heimeabort, frå 22,7 % av alle avbrot før utgangen av svangerskapsveke 10 ved Helgelandssykehuset, Sandnessjøen til 76,2 % ved Nordlandssykehuset, Bodø (Tabell 16).

Sjølvbestemte og nemndbehandla svangerskapsavbrot

Dei fleste sjølvbestemte avbrot vert utført før 9. svangerskapsveke (82,8 %) (Tabell 8). Av alle utførte svangerskapsavbrot i 2024 var 12 180 (95,1 %) sjølvbestemte, og 631 (4,9 %) nemndbehandla (Tabell 9). Dei sjukehusa med lågast førekomst av svangerskapsavbrot før 9. veke er Kristiansund sykehus (56,4 %), Volda sjukehus (63,8 %) og Helgelandssykehuset Sandnessjøen (74,3 %) (Tabell 8). Dette er under landsgjennomsnittet for svangerskapsavbrot utført før 9. veke på 82,8 % (Tabell 8).

Særskilt om nemndbehandla svangerskapsavbrot

Ei begjæring om svangerskapsavbrot etter utgangen av 12. svangerskapsveke vert handsama i nemnd; fyrst i ei primærnemnd, og dersom den gir avslag, skal primærnemnda straks sende vedtaket og dokumenta i saka til ei sentral klagenemnd, jf. abortlova § 8 andre ledd. Frå 15. februar 2010 har klagesakene vorte sendt til Den sentrale klagenemnda som vert administrert av Helsedirektoratet og er lagt til Oslo universitetssykehus. I august 2017 ba Regjeringa helseforetaka om å redusere talet på abortnemnder. Målet til Regjeringa var å redusere frå 35 til under 17 primærnemnder. I 2024 har det vore primærnemnd ved 23 sjukehus. Dei ulike helseforetaka har stor variasjon i talet på nemnder. Helse Sør-Aust har 11, Helse Nord seks, Helse Midt fire og Helse Vest to nemnder.


Totalt 702 begjæringar om avbrot vart innsendt til Abortregisteret (Tabell 12). Det vart utført 631 nemndbehandla svangerskapsavbrot i 2024, som er 18 (2,9 %) fleire enn i 2023. Av dei utførte nemndbehandla avbrota i 2024 vart 628 (99,5 %) innvilga i primærnemnd og 3 (0,5 %) i Den sentrale klagenemnda (Tabell 9).

Det var 519 begjæringar om avbrot innan utgangen av veke 18 (Tabell 12). Av dei var 498 handsama i nemnd og 495 vart innvilga i primærnemnd, tre fekk avslag og 480 vart utført. Av dei tre som fekk avslag i primærnemnd møtte to i klagenemnd (Tabell 13) og båe fekk avslag.

Vi har sett ein nedgang i talet på avbrot innvilga etter § 2 tredje ledd bokstav a og b som omhandlar kvinna si helse og livssituasjon frå 52% av alle nemndbehandla abortar i 2015 til 34% i 2024 (Figur 9). Dette har følgd nedgangen i abortraten generelt. Spesielt har det vore ein nedgang i talet på abort innvilga etter § 2 tredje ledd bokstav b som omhandlar kvinna sin livssituasjon, dei siste 10 åra (Tabell 10). I 2015 var det 238 avbrot der bokstav b var brukt åleine mot 151 i 2024. Talet på avbrot innvilga etter abortlova § 2 tredje ledd bokstav c, dvs. grunna stor fare for at barnet kan få ein alvorleg sjukdom som følge av arvelege anlegg, sjukdom eller skadelege påverknader under svangerskapet er stabilt i samanlikning med 2023, men har auka sidan 2015 og utgjer i 2024 62% av nemndbehandla avbrot (Figur 9). Dei fleste av dei nemndbehandla avbrota vert utført før 18. svangerskapsveke (Figur 10 og 11).


Alle fosterantalsreduksjonar skal etter lov frå 2019 innvilgast i nemnd. Behandlinga av desse er sentralisert til Senter for fostermedisin på St. Olavs hospital i Trondheim. I 2024 var det utført 16 fosterantalsreduksjonar.

5. Figurar og tabellar



Figur 1. Utførte svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner etter kvinne sin alder 2010-2024.

Kjelde: Abortregisteret.



Figur 2. Fødsler per 1 000 kvinner for kvinner 15-49 år i perioden 2010-2024.

Kjelde: Medisinsk fødselsregister.

Tabell 1. Utførte svangerskapsavbrot etter kvinne sin alder 1980-2024

År	Total mengd	Per 1 000 kvinner, etter alder							
		15-49 år	15-19 år	20-24 år	25-29 år	30-34 år	35-39 år	40-44 år	45-49 år
1980	13 532	14,6	22,5	22,1	16,3	13,7	11,4	6,8	0,8
1985	14 598	14,7	21,7	26,1	18,1	13,8	10,3	4,6	0,8
1990	15 552	14,7	20,1	28,6	21,8	14,3	10,0	3,6	0,5
1995	13 874	12,9	15,3	24,0	20,3	15,2	9,8	4,3	0,5
2000	14 675	13,7	20,1	28,0	20,1	15,3	10,8	3,7	0,3
2005	13 991	12,9	15,4	27,4	20,5	15,1	11,0	4,0	0,3
2010	15 741	13,8	14,1	29,2	23,1	16,9	11,7	4,4	0,4
2015	14 033	11,7	8,3	21,1	21,1	16,5	11,3	4,3	0,5
2020	11 089	9,2	4,4	13,6	15,3	14,5	11,1	4,4	0,4
2021	10 874	9,0	4,6	13,3	15,3	14,2	10,6	4,0	0,3
2022	12 010	9,9	5,5	14,5	16,5	15,5	11,4	4,6	0,4
2023	12 837	10,4	5,9	16,0	18,0	15,7	11,8	4,4	0,4
2024	12 811	10,3	6,8	16,1	16,5	15,3	12,0	4,5	0,4

Tabell 2. Utførte svangerskapsavbrot etter kvinne sitt bustadsfylke eller storby 2020-2024

Fylke	2020		2021		2022		2023		2024	
	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000
Heile landet	11 089	9,2	10 874	9,0	12 010	9,9	12 837	10,4	12 811	10,3
Østfold	618	9,8	648	10,2	635	9,9	673	10,4	634	9,8
Akershus	1 381	9,1	1 370	8,9	1 586	10,2	1 674	10,5	1 678	10,4
Oslo	2 114	11,1	1 955	10,2	2 182	11,3	2 470	12,6	2 260	11,4
Oslo	2 114	11,1	1 955	10,2	2 182	11,3	2 470	12,6	2 260	11,4
Buskerud	500	8,9	494	8,8	536	9,5	556	9,7	566	9,8
Innlandet	747	10,0	686	9,3	744	10,1	768	10,4	791	10,6
Vestfold	457	8,8	467	9,0	527	10,1	606	11,5	549	10,4
Telemark	313	8,8	308	8,7	329	9,3	309	8,6	326	9,1
Agder	530	7,8	532	7,8	588	8,5	635	9,1	586	8,3
Rogaland	782	7,1	779	7,1	894	8,1	875	7,8	808	7,1
Stavanger	310	9,0	275	8,0	325	9,4	312	8,9	280	7,9
Vestland	1 130	7,9	1 170	8,2	1 172	8,2	1 288	8,9	1 151	7,9
Bergen	607	8,8	620	8,9	615	8,8	735	10,4	602	8,5
Møre og Romsdal	387	7,0	403	7,3	456	8,3	476	8,4	464	8,2
Trøndelag	837	8,0	797	7,6	909	8,6	980	9,2	1044	9,7
Trondheim	410	8,1	411	8,0	473	9,0	508	9,6	554	10,4
Nordland	437	8,9	453	9,3	543	11,1	552	11,3	566	11,5
Troms	403	10,9	390	10,6	429	11,7	474	12,8	519	13,9
Tromsø	214	11,2	194	10,2	208	10,9	246	12,7	265	13,6
Finnmark	213	13,4	217	13,9	233	15,1	251	16,1	246	15,9
Ukjend/Anna ¹	240		205		247		250		623	

¹ Anna inkluderer m.a. Svalbard og kvinner busett utanfor Noreg.

Tabell 3. Utførte svangerskapsavbrot i aldersgruppa 15-19 år etter kvinne sitt bustadsfylke og storby 2020-2024

Fylke	2020		2021		2022		2023		2024	
	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000
Heile landet	685	4,4	717	4,6	864	5,5	944	5,9	1102	6,8
Østfold	41	4,7	49	5,6	36	4,1	49	5,4	58	6,3
Akershus	92	4,3	97	4,5	121	5,5	128	5,7	154	6,7
Oslo	98	6,2	84	5,1	110	6,5	127	7,3	123	6,9
Oslo	98	6,2	84	5,1	110	6,5	127	7,3	123	6,9
Buskerud	32	4,3	39	5,2	45	5,9	44	5,6	51	6,4
Innlandet	51	4,8	51	4,9	47	4,6	54	5,2	81	7,8
Vestfold	27	3,8	27	3,8	39	5,4	40	5,4	49	6,5
Telemark	17	3,4	23	4,6	29	5,8	24	4,8	25	4,9
Agder	37	3,9	37	3,9	58	6,0	46	4,6	65	6,3
Rogaland	67	4,6	49	3,3	74	4,9	74	4,7	88	5,5
Stavanger	25	6,0	14	3,3	23	5,3	18	4,0	26	5,7
Vestland	64	3,3	74	3,9	76	4,0	99	5,1	104	5,3
Bergen	30	3,9	36	4,7	30	3,9	58	7,4	49	6,1
Møre og Romsdal	32	4,0	30	3,7	30	3,7	38	4,5	40	4,8
Trøndelag	52	3,9	68	5,1	73	5,4	86	6,5	96	6,9
Trondheim	23	4,2	30	5,4	35	6,2	38	6,6	42	7,2
Nordland	24	3,5	38	5,6	53	8,0	49	7,2	53	7,8
Troms	28	6,0	33	7,1	41	8,8	45	9,4	46	9,5
Tromsø	11	5,2	19	9,0	16	7,5	22	10,1	26	11,8
Finnmark	15	6,9	15	7,1	28	13,5	31	15,1	30	14,4
Ukjent/Anna ¹	8		3		4		10		39	

¹ Anna inkluderer m.a. Svalbard og kvinner busett utanfor Noreg.

Tabell 4. Utførte svangerskapsavbrot i aldersgruppa 20-24 år etter kvinne sitt bustadsfylke og storby 2020-2024

Fylke	2019		2020		2021		2022		2023	
	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000
Heile landet	2 234	13,6	2 166	13,3	2 346	14,5	2 592	16,0	2 622	16,1
Østfold	139	17,1	124	15,5	122	15,5	101	12,9	115	14,6
Akershus	240	13,5	221	12,5	255	14,2	299	16,1	305	15,9
Oslo	394	15,9	383	15,5	398	16,1	474	19,0	420	16,8
Oslo	394	15,9	383	15,5	398	16,1	474	19,0	420	16,8
Buskerud	98	14,4	93	13,8	99	14,7	128	18,8	115	16,6
Innlandet	161	15,2	134	12,8	173	16,8	163	16,1	140	13,9
Vestfold	78	12,0	80	12,5	104	16,4	130	20,8	121	19,6
Telemark	66	13,6	54	11,3	64	13,7	50	10,8	55	11,9
Agder	124	12,3	120	12,2	142	14,4	138	13,9	117	11,8
Rogaland	145	10,0	156	10,9	186	13,1	199	13,8	176	12,1
Stavanger	60	12,5	57	12,3	72	16,0	66	14,1	65	13,4
Vestland	244	11,5	264	12,4	238	11,3	288	13,7	264	12,6
Bergen	149	13,2	146	12,8	133	11,6	169	14,9	153	13,5
Møre og Romsdal	75	9,8	82	10,7	77	10,0	88	11,5	114	14,9
Trøndelag	172	10,7	185	11,5	176	10,9	202	12,5	224	14,0
Trondheim	75	8,8	102	11,6	104	11,6	93	10,4	123	13,9
Nordland	106	15,0	100	14,7	120	18,2	131	20,2	139	21,7
Troms	90	16,4	77	14,2	102	19,0	115	21,6	134	25,4
Tromsø	41	14,1	39	13,6	51	18	57	20,1	54	19,4
Finnmark	53	22,7	56	24,3	49	21,3	48	21,1	53	24,1
Ukjent/Anna ¹	49		37		42		38		130	

¹ Anna inkluderer m.a. Svalbard og kvinner busett utanfor Noreg.

Tabell 5. Utførte svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde og kvinne sin alder i 2024

Alder	Total mengd	Svangerskapslengde							
		0.-6. veke	7.-8. veke	9.- 10. veke	11.-12. veke	13.-18. veke	19.-21. veke	22. veke +	Ikkje oppgitt
Alle aldrar	12 811	5 304	4 785	1 456	539	500	141	5	81 ³
15-19 år ¹	1 102	494	402	124	45	20	7	0	10
20-24 år	2 622	1 133	987	318	101	53	14	1	15
25-29 år	2 969	1 206	1 146	335	123	100	38	1	20
30-34 år	2 977	1 226	1 091	331	129	133	47	3	17
35-39 år	2 277	889	843	261	101	144	24	0	15
40-44 år	800	329	292	81	36	47	11	0	4
45-49 år ²	64	27	24	6	4	3	0	0	0
Ukjend	0	0	0	0	0	0	0	0	0


¹ Inkluderer tal for kvinner under 15 år (20 avbrot blant dei under 15 år).

² Inkluderer tal for kvinner over 49 år (2 avbrot blant dei over 49 år).


³ Primært grunna manglande opplysingar i innmelding frå Helse Midt etter innføring av Helseplattformen

Tabell 6. Utførte svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde 2015-2024


År	Total mengd	Svangerskapslengde							
		0.-6. veke	7.-8. veke	9.-10. veke	11.-12. veke	13.-18. veke	19.-21. veke	22. veke +	Ikkje oppgitt
2015	14 033	5 202	5 590	1 983	673	464	115	6	0
2016	13 193	4 866	5 296	1 806	648	439	122	5	11
2017	12 750	4 890	5 012	1 660	642	395	142	9	0
2018	12 391	4 984	4 777	1 456	604	391	170	9	0
2019	11 734	4 810	4 499	1 340	571	373	131	9	1
2020	11 089	4 924	4 026	1 160	470	360	143	6	0
2021	10 874	4 802	3 944	1 153	469	351	145	8	2
2022	12 010	5 317	4 275	1 328	481	461	137	4	7
2023	12 837	5 484	4 735	1 383	517	468	142	8	100
2024	12 811	5 304	4 785	1 456	539	500	141	5	81



Figur 3. Svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner for aldersgruppa 15-49, 15-19, 20-24 og 25-29 år etter kvinna sitt bustadsfylke i 2024. Kjelde: Abortregisteret.



Figur 4. Svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner i aldersgruppa 20-24 i dei store byane i 2024. Kjelde: Abortregisteret.



Figur 5. Utførte selvbestemte svangerskapsavbrot etter metode 1998-2024. Kjelde: Abortregisteret.

Tabell 7. Utførte sjølvbestemte svangerskapsavbrot etter metode og svangerskapslengde 2015-2024

År	Total mengd	Svangerskapslengde																				Ikkje oppgitt ²
		9. veke og under				10. veke				11. veke				12. veke				Over 12. veke ¹				
		Medikamentell		Kirurgisk		Medikamentell		Kirurgisk		Medikamentell		Kirurgisk		Medikamentell		Kirurgisk		Medikamentell		Kirurgisk		
		Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	
2015	13 444	10 758	80,0	1 351	10	418	3,1	248	1,8	287	3,1	164	1,2	150	1,1	68	0,5	0	0,0	0	0,0	0
2016	12 621	10 223	81,0	1 172	9,3	373	3,0	200	1,6	282	3,0	141	1,1	149	1,2	70	0,6	0	0,0	0	0,0	11
2017	12 196	10 019	82,1	1 037	8,5	317	2,6	187	1,5	291	2,6	117	1,0	170	1,4	54	0,4	4	0,0	0	0,0	0
2018	11 822	9 968	84,3	764	6,5	345	2,9	140	1,2	305	2,9	105	0,9	137	1,2	55	0,5	3	0,0	0	0,0	0
2019	11 214	9 593	85,5	592	5,3	336	3,0	127	1,1	297	3,0	88	0,8	136	1,2	42	0,4	2	0,0	0	0,0	1
2020	10 578	9 286	87,8	459	4,3	279	2,6	84	0,8	249	2,6	63	0,6	129	1,2	28	0,3	1	0,0	0	0,0	0
2021	10 363	9 178	88,6	370	3,6	297	2,9	52	0,5	274	2,9	48	0,5	120	1,2	19	0,2	3	0,0	0	0,0	2
2022	11 408	10 049	88,1	475	4,2	344	3,0	51	0,4	290	3,0	50	0,4	122	1,1	16	0,1	4	0,0	0	0,0	7
2023	12 224	10 581	86,6	558	4,6	394	3,2	56	0,5	287	3,2	48	0,4	165	1,3	14	0,1	8	0,1	1	0,0	112
2024	12 180	10 536	86,5	520	4,3	412	3,4	53	0,4	369	3,4	44	0,4	111	0,9	10	0,1	23	0,2	0	0,0	102

¹ I grensetilfelle vil sjukehuset kategorisere ut frå vurdering av ultralydmål, sjå merknader til abortforskrifta § 1. Det høge talet for 2023 og 2024 skuldast feil i innmelding frå Helse Midt.


² Primært grunna manglande opplysingar i innmelding frå Helse Midt etter innføring av Helseplattformen

Tabell 8. Utførte selvbestemte svangerskapsavbrot totalt og utført før 9. svangerskapsveke og etter metode per institusjon i 2024

Helseinstitusjon	Total mengd	Medikamentell		Kirurgisk		8. veke og under	
		Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent
Alle institusjoner	12 180	11 518	94,6	635	5,2	10 088	82,8
Akershus universitetssykehus	1 414	1 377	97,4	37	2,6	1 179	83,4
Bærum sykehus	367	356	97,0	11	3,0	294	80,1
Drammen sykehus	353	334	94,6	19	5,4	294	83,3
Finnmarkssykehuset, Klinikk Hammerfest	159	148	93,1	11	6,9	135	84,9
Finnmarkssykehuset, Klinikk Kirkenes	73	65	89,0	8	11,0	56	76,7
Førde sentralsykehus	147	140	95,2	7	4,8	135	91,8
Haugesund sjukehus	217	208	95,9	9	4,1	180	82,9
Haukeland universitetssjukehus	1 004	959	95,5	45	4,5	791	78,8
Helgelandssykehuset Mo i Rana	101	98	97,0	3	3,0	88	87,1
Helgelandssykehuset Sandnessjøen	70	65	92,9	5	7,1	52	74,3
Kongsberg sykehus	116	102	87,9	14	12,1	97	83,6
Kristiansund sykehus	39	37	94,9	1	2,6	22	56,4
Longyearbyen sykehus	4	4	100,0	0	0,0	4	100,0
Molde sjukehus	127	123	96,9	3	2,4	98	77,2
Nordlandssykehuset Bodø	193	187	96,9	6	3,1	162	83,9
Nordlandssykehuset Lofoten	56	56	100,0	0	0,0	45	80,4
Nordlandssykehuset Vesterålen	65	61	93,8	4	6,2	54	83,1
Odda sjukehus	16	16	100,0	0	0,0	16	100,0
Oslo universitetssykehus	1 870	1 676	89,6	194	10,4	1 670	89,3
Ringerike sykehus	175	175	100,0	0	0,0	142	81,1
St. Olavs hospital	853	815	95,5	24	2,8	697	81,7
Stavanger universitetssjukehus	701	688	98,1	13	1,9	548	78,2
Stord sjukehus	86	82	95,3	4	4,7	75	87,2
Sykehuset i Vestfold Tønsberg	494	428	86,6	66	13,4	420	85,0
Sykehuset Innlandet Elverum	334	312	93,4	22	6,6	272	81,4
Sykehuset Innlandet Gjøvik	244	225	92,2	19	7,8	213	87,3
Sykehuset Innlandet Kongsvinger	87	82	94,3	4	4,6	66	75,9
Sykehuset Innlandet Lillehammer	170	161	94,7	9	5,3	140	82,4
Sykehuset Levanger	187	178	95,2	7	3,7	153	81,8
Sykehuset Namsos	89	87	97,8	2	2,2	67	75,3
Sykehuset Telemark	301	284	94,4	17	5,6	244	81,1
Sykehuset Østfold	600	588	98,0	12	2,0	473	78,8
Sørlandet sykehus Arendal	177	172	97,2	5	2,8	141	79,7
Sørlandet sykehus Flekkefjord	37	35	94,6	2	5,4	29	78,4
Sørlandet sykehus Kristiansand	357	336	94,1	21	5,9	307	86,0
Univ. sykehuset Nord-Norge	367	357	97,3	10	2,7	311	84,7
Univ. sykehuset Nord-Norge Harstad	126	119	94,4	7	5,6	111	88,1
Univ. sykehuset Nord-Norge Narvik	62	57	91,9	5	8,1	53	85,5
Volda sjukehus	58	49	84,5	3	5,2	37	63,8
Voss sjukehus	72	69	95,8	3	4,2	59	81,9
Ålesund sjukehus	212	207	97,6	3	1,4	158	74,5


Tabell 9. Utførte svangerskapsavbrot etter type avgjerd 1980-2024

År	Total mengd	Sjølvestemt		Innvilga i primærnemnd		Innvilga i klagenemnda	
		Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent
1980	13 532	13 121	97,0	380	2,8	31	0,2
1985	14 598	14 242	97,6	347	2,4	9	0,1
1990	15 552	15 219	97,9	320	2,1	13	0,1
1995	13 874	13 530	97,5	343	2,5	1	0,0
2000	14 675	14 153	96,4	504	3,4	13	0,1
2005	13 991	13 410	95,8	573	4,1	8	0,1
2010	15 741	15 069	95,7	652	4,1	20	0,1
2015	14 033	13 444	95,8	577	4,1	12	0,1
2020	11 089	10 578	95,4	500	4,5	11	0,1
2021	10 874	10 363	95,3	502	4,6	9	0,1
2022	12 010	11 408	95	598	5	4	0
2023	12 837	12 224	95,2	610	4,8	3	0
2024	12 811	12 180	95,1	628	4,9	3	0




Figur 6. Nemndbehandla begjæringar¹ og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot 2015-2024. Kjelde: Abortregisteret.

¹ Nemndbehandla begjæringar som går til klagenemnd etter primærnemnd vert telt berre ein gong.



Figur 7. Begjæringar og utførte svangerskapsavbrot etter vedtak i primærnemnd 2015-2024.
Kjelde: Abortregisteret. Årsaker til «Manglar» kan til dømes vera at kvinna har trekt begjæringa eller ikkje møtt i nemnd.




Figur 8. Begjæringar og utførte svangerskapsavbrot etter vedtak i klagenemnd 2015-2024.
Kjelde: Abortregisteret. Årsaker til «Manglar» kan til dømes vera at kvinna har trekt begjæringa eller ikkje møtt i nemnd.

Tabell 10. Utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter abortlova § 2, tredje ledd, 2015-2024


År	Total mengd	Indikasjon i abortlova § 2, tredje ledd, mengd ²							
		§ 2.3a	§ 2.3b	§ 2.3c	§§ 2.3a og 2.3b	§§ 2.3a og 2.3c	§§ 2.3b og 2.3c	Anna ¹	Ikkje oppgitt
2015	589	47	238	250	24	2	11	17	0
2016	572	30	240	262	27	2	6	4	1
2017	554	19	197	295	27	4	4	8	0
2018	569	27	174	324	26	6	3	9	0
2019	520	26	161	295	22	8	1	7	0
2020	511	19	136	304	31	8	7	6	0
2021	511	30	112	308	26	18	5	12	0
2022	602	24	151	371	24	9	13	10	0
2023	613	27	132	391	37	4	14	7	1
2024	631	28	151	389	38	10	9	4	2

^{H1} Indikasjon i abortlova § 2, tredje ledd bokstav d og bokstav e, og andre kombinasjonar av bokstavane som ikkje er vist i tabellen.

² Indikasjonane i abortlova § 2, tredje ledd.



Figur 9. Utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter abortlova § 2, tredje ledd, 2015-2024.




Figur 10. Utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde og indikasjon i abortlova § 2, tredje ledd bokstav c i 2023 og 2024. Kjelde: Abortregisteret.

Tabell 11. Utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde og indikasjon i abortlova i 2024

Svangerskaps- lengde	Total mengd	§ 2.3c		Andre enn § 2.3c		Ikkje oppgitt	
		Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent
Alle veker	631	409	100,0	220	100,0	2	
12. veke	4	0	0,0	3	1,4	1	
13. veke	124	71	17,4	53	24,1	0	
14. veke	118	64	15,6	54	24,5	0	
15. veke	87	57	13,9	30	13,6	0	
16. veke	61	45	11,0	16	7,3	0	
17. veke	46	29	7,1	17	7,7	0	
18. veke	40	21	5,1	19	8,6	0	
19. veke	62	51	12,5	10	4,5	1	
20. veke	34	29	7,1	5	2,3	0	
21. veke	45	36	8,8	9	4,1	0	
22. veke og over	5	5	1,2	0	0,0	0	
Annet/Ukjent	5	1	0,2	4	1,8	0	

¹ I grensetilfelle vil sjukehuset nemndbehandle ut frå vurdering av ultralydmål, sjå merknader til abortforskrifta § 1.



Figur 11. Prosentdel nemndbehandla svangerskapsavbrot før og etter 18. veke og etter indikasjon i abortlova § 2, tredje ledd bokstav c eller andre paragrafar 2015-2024. Kjelde: Abortregisteret.

Tabell 12. Nemndbehandla begjæringar om svangerskapsavbrot, vedtak i primærnemnd, og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde i 2024

Svangerskaps- lengde	Nemnd- behandla begjæringar	Vedtak i primærnemnd				Utførte nemnd- behandla svangerskaps- avbrot
		Innvilga	Avslått	Manglar	Ikkje oppgitt	
Alle veker	702	650	22	27	3	628
12. veke ¹	5	4	0	0	1	4
13. veke	134	126	0	8	0	124
14. veke	127	122	0	5	0	118
15. veke	94	88	3	2	1	87
16. veke	66	65	0	1	0	61
17. veke	51	48	0	3	0	46
18. veke	42	42	0	0	0	40
19. veke	66	61	3	1	1	60
20. veke	38	34	2	2	0	34
21. veke	50	46	3	1	0	44
22. veke og over	20	6	12	2	0	5
Annet/Ukjent	9	7	0	2	0	5

¹ I grensetilfelle vil sjukehuset nemndbehandle ut frå vurdering av ultralydmål, sjå merknader til abortforskrifta § 1.

Tabell 13. Nemndbehandla begjæringar om svangerskapsavbrot, vedtak i klagenemnd og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde i 2024

Svangerskaps- lengde	Nemnd- behandla begjæringar	Vedtak i klagenemnd				Utførte nemnd- behandla svangerskaps- avbrot
		Innvilga	Avslått	Manglar	Ikkje oppgitt	
Alle veke	23	4	13	3	3	3
12. veke ¹	0	0	0	0	1	0
13. veke	0	0	0	0	0	0
14. veke	0	0	0	0	0	0
15. veke	3	0	2	0	1	0
16. veke	0	0	0	0	0	0
17. veke	0	0	0	0	0	0
18. veke	0	0	0	0	0	0
19. veke	3	2	0	0	1	2
20. veke	2	0	2	0	0	0
21. veke	3	1	0	1	0	1
22. veke og over	12	1	9	2	0	0
Annet/Ukjend	0	0	0	0	0	0

¹ I grensetilfelle vil sjukehuset nemndbehandle ut frå vurdering av ultralydmål, sjå merknader til abortforskrifta § 1.

Tabell 14. Nemndbehandla begjæringar om svangerskapsavbrot og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter kvinna sitt bustadsfylke i 2024

Fylke	Begjæringar		Utførte	
	Mengd ¹	Prosent	Mengd	Prosent
Heile landet	702	100,0	631	100,0
Østfold	33	4,7	30	4,8
Akershus	103	14,7	86	13,6
Oslo	148	21,1	138	21,9
Oslo	148	21,1	138	21,9
Buskerud	21	3,0	21	3,3
Innlandet	33	4,7	30	4,8
Vestfold	27	3,8	23	3,6
Telemark	15	2,1	15	2,4
Agder	36	5,1	31	4,9
Rogaland	56	8,0	50	7,9
Stavanger	20	2,8	16	2,5
Vestland	82	11,7	71	11,3
Bergen	47	6,7	40	6,3
Møre og Romsdal	22	3,1	21	3,3
Trøndelag	56	8,0	52	8,2
Trondheim	27	3,8	26	4,1
Nordland	19	2,7	18	2,9
Troms	18	2,6	17	2,7
Tromsø	10	1,4	10	1,6
Finnmark	10	1,4	10	1,6
Ukjend/Anna ¹	23	3,3	18	2,9

¹ Nemndbehandla begjæringar som går til klagenemnd vert telt berre ein gong.

² Anna inkluderer m.a. Svalbard og kvinner busett utanfor Noreg.

Tabell 15. Nemndbehandla begjæringar om svangerskapsavbrot og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter utførande helseinstitusjon i 2023 og 2024

Helseinstitusjon	2023				2024			
	Begjæringar		Utførte		Begjæringar		Utførte	
	Mengd ¹	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent
Heile landet	668	100,0	613	100,0	702	100,0	631	100,0
Akershus univ.sykehus	81	12,1	74	12,1	90	12,8	77	12,2
Bærum sykehus	21	3,1	19	3,1	13	1,9	11	1,7
Drammen sykehus, Ringerike sykehus og Kongsberg sykehus	22	3,3	21	3,4	27	3,8	27	4,3
Finnmarkssykehuset	4	0,6	3	0,5	7	1,0	7	1,1
Haugesund, Stord sjukehus og Stavanger universitetssjukehus	42	6,3	41	6,7	57	8,1	54	8,6
Haukeland universitetssjukehus, Voss og Førde	82	12,3	77	12,6	88	12,5	77	12,2
Helgelandssykehuset	3	0,4	3	0,5	3	0,4	3	0,5
Helse Møre og Romsdal, Molde og Kristiansund	7	1,0	7	1,1	4	0,6	4	0,6
Helse Møre og Romsdal, Volda og Ålesund	8	1,2	7	1,1	11	1,6	10	1,6
Helse Nord-Trøndelag	6	0,9	3	0,5	8	1,1	5	0,8
Nordlandssykehuset	10	1,5	10	1,6	13	1,9	12	1,9
Oslo univ. sykehus	156	23,4	134	21,9	154	21,9	134	21,2
St. Olavs hospital	74	11,1	70	11,4	81	11,5	76	12,0
Sykehuset i Vestfold Tønsberg	21	3,1	18	2,9	25	3,6	21	3,3
Sykehuset Innlandet Elverum	17	2,5	16	2,6	12	1,7	12	1,9
Sykehuset Innlandet Gjøvik	6	0,9	6	1,0	5	0,7	5	0,8
Sykehuset Innlandet Kongsvinger	7	1,0	7	1,1	7	1,0	6	1,0
Sykehuset Innlandet Lillehammer	17	2,5	16	2,6	15	2,1	15	2,4
Sykehuset Telemark	25	3,7	23	3,8	28	4,0	26	4,1
Sykehuset Østfold	8	1,2	8	1,3	15	2,1	13	2,1
Sørlandet sykehus, Arendal	24	3,6	23	3,8	18	2,6	15	2,4
Sørlandet sykehus, Kristiansand	27	4,0	27	4,4	21	3,0	21	3,3
Univ. sykehuset Nord- Norge	668	100,0	613	100,0	702	100,0	631	100,0
¹ Nemndbehandla begjæringar som går til klagenemnd vert telt berre ein gong. Sentral klagenemnd er lagt til Oslo universitetssykehus ULlevål								

Tabell 16. Talet på og prosentdelen abortar fullført utanfor sjukehus (heimeabort) i Helse Nord i 2024 per utførande sjukehus.

Utførande sjukehus	Talet på abortar inntil 10. veke	Abort fullført utanfor sjukehus (heimeabort)	Prosent
Helse Nord	1216	764	62,8
Helgelandssykehuset Mo i Rana, Gyn. avd.	97	67	69,1
Helgelandssykehuset Sandnessjøen	66	15	22,7
Helse Finnmark, Klinikk Hammerfest	152	96	63,2
Helse Finnmark, Klinikk Kirkenes	69	28	40,6
Longyearbyen sykehus	4	1	25,0
Nordlandssykehuset Bodø	181	138	76,2
Nordlandssykehuset Lofoten	54	25	46,3
Nordlandssykehuset Vesterålen	63	32	50,8
Universitetssykehuset Nord-Norge Harstad	122	77	63,1
Universitetssykehuset Nord-Norge Narvik	58	44	75,9
Universitetssykehuset Nord-Norge, Tromsø	350	241	68,9

APPENDIX A. Lover og forskrifter

Lov 1975-06-13 nr 50: Lov om svangerskapsavbrot ([abortlova](#))

FOR-2001-06-15-635: Forskrift om svangerskapsavbrot ([abortforskrifta](#)) med merknader

FOR-2007-12-14-1418: Forskrift om innsamling og handsaming av helseopplysningar i register over svangerskapsavbrot ([abortregisterforskrifta](#))

LOV 2014-06-20 nr 43: Lov om helseregister og behandling av helseopplysningar ([helseregisterlova](#))²

FOR-2001-12-21-1483: Forskrift om innsamling og handsaming av helseopplysningar i Medisinsk fødselsregister ([Medisinsk fødselsregisterforskrifta](#))

APPENDIX B. Om statistikken

Folkehelseinstituttet sin offentleg tilgjengelege abortstatistikk på grunnlag av aidentifiserte data frå Register over svangerskapsavbrot (Abortregisteret). Publisert med endelege tal 18. mars 2025.

Namn på statistikken

Rapport om svangerskapsavbrot for 2024.

Dataskildring

Statistikk over svangerskapsavbrot i 2024 er basert på aidentifiserte opplysningar frå meldingar om begjæring om og utførte svangerskapsavbrot frå alle helseinstitusjonar (sjukehus) som utførte svangerskapsavbrot i Noreg i 2023. Det er meldeplikt for desse opplysningane til Register over svangerskapsavbrot (Abortregisteret) etter abortregisterforskrifta § 1-7 punkt 1 til og med 6.

I 2024 fekk registeret inn 13 966 meldingar om begjæring om svangerskapsavbrot. Abortregisteret har frå og med 2013 årgangen nådd målet om 100 % elektronisk innmelding frå sjukehusa.

Populasjon

Kvinner som har begjært/fått utført svangerskapsavbrot i Noreg i 2024. Talet på kvinner i dei respektive aldersgruppene er henta frå Statistisk sentralbyrå.

Eining

Talet på tilfelle per 1 000 kvinner i alderen 15-49 år og tilfelle per 1 000 kvinner i spesifisert aldersgruppe.

Formål

Samfunnet skal kunne få innsyn i omfanget av begjæringar om og utførte svangerskapsavbrot, og kunne følge med på utviklinga på området. Myndigheitene og helsetenesta skal få eit statistisk grunnlag for å setje i verk og evaluere målretta tiltak for å førebygge uynskte svangerskap.

Brukarar

Sentrale og lokale myndigheiter, helsetenesta, politikarar, forskarar/studentar, massemedia og publikum generelt.

Viktige omgrep

Sjølvbestemte svangerskapsavbrot vert forstått som svangerskapsavbrot utførte som følge av at kvinna har begjært avbrotet innan utgangen av 12. svangerskapsveke.

Nemndbehandla svangerskapsavbrot er svangerskapsavbrot utførte seinare enn innan utgangen av 12. svangerskapsveke, og der kvinna si begjæring er innvilga etter handsaming i abortnemnd (primærnemnd eller klagemnd).

Svangerskapsveke 12 er definert som 11 veker +0 til 6 dagar.

Meldepliktige helseinstitusjonar er dei institusjonane (sjukehusa) og eventuelle avtalespesialistar som utfører svangerskapsavbrot.

Datakjelde

Opplysningar frå elektroniske- og papirmeldingar om handsaming av begjæring om og utførte svangerskapsavbrot frå meldepliktige helseinstitusjonar i Noreg.

Lovgrunnlag

Innsamling, lagring, handsaming og utlevering av opplysningar i Register over svangerskapsavbrot (Abortregisteret) er regulert i abortregisterforskrifta med heimel i helseregisterlova § 8 andre, fjerde og femte ledd, § 9 andre ledd, § 10, § 16 fjerde ledd, § 17 tredje ledd og § 34 fjerde ledd.

Innsamling

Elektroniske meldingar om handsaming av begjæring om og utførte svangerskapsavbrot frå meldepliktige helseinstitusjonar i Noreg.

Datakvalitet

Innmeldte data vert sjekka for å unngå manglande saksnummer og dobbeltregistreringar av meldingar, unngå manglande opplysningar og unngå manglande samsvar mellom meldte opplysningar.

I 2024 kjenner Abortregisteret til at det er 12 meldingar ein ikkje har fått inn innan fristen.

Vi har i løpet av året hatt eit samarbeid med Helseplattformen for å sikre datakvalitet frå Helse Midt RHF. Det er framleis noko usikkerheit knytt til data frå sjukehusa som nyttar Helseplattformen som system for elektronisk pasientjournal.

Inndelingar

Tidsperiode: Kalenderår

Geografi: Bustadsfylke og meldepliktige helseinstitusjonar

Alder: 5-års grupper: 15-19, 20-24, 25-29, 30-34, 35-39, 40-44 og 45-49 år. I aldersgruppa 15-19 år inngår òg tal for aldersgruppa under 15 år, og i aldersgruppa 45-49 år inngår òg

tal for aldersgruppa over 49 år. Desse tala er så små at dei ikkje påverkar ratane i noko betydeleg grad.

Anna: Svangerskapslengda i veker inndelt i grupper, lovgrunnlag (indikasjon i abortlova § 2 tredje ledd bokstav a, b, c, d, e og kombinasjonar).

Samanlikningsgrunnlag over tid og stad

Sidan 2006 har Folkehelseinstituttet ved Register over svangerskapsavbrot (Abortregisteret) mottatt meldingane om begjæring om og utføring av svangerskapsavbrot frå meldepliktige helseinstitusjonar (alle helseinstitusjonar som utfører svangerskapsavbrot), handsama opplysningane og sett fram statistikk over svangerskapsavbrot. I perioden 1979-2005 vart dette arbeidet utført ved [Statistisk sentralbyrå](#).

Oppdateringsfrekvens

Årleg

Publiseringsstad

På nettstaden til Folkehelseinstituttet, www.fhi.no

Publikasjonar

Rapport 2005 om nemndbehandlede svangerskapsavbrot

[Statistikk 2006](#)

Rapport om svangerskapsavbrudd 2007

[Rapport om svangerskapsavbrudd 2008](#)

Rapport om svangerskapsavbrudd 2009

Rapport om svangerskapsavbrudd 2010

[Rapport om svangerskapsavbrudd 2011](#)

[Rapport om svangerskapsavbrudd 2012](#)

[Rapport om svangerskapsavbrudd 2013](#)

[Rapport om svangerskapsavbrot 2014](#)

[Rapport om svangerskapsavbrot 2015](#)

[Rapport om svangerskapsavbrot 2016](#)

[Rapport om svangerskapsavbrot 2017](#)

[Rapport om svangerskapsavbrot 2018](#)

[Rapport om svangerskapsavbrot 2019](#)

[Rapport om svangerskapsavbrot 2020](#)

[Rapport om svangerskapsavbrot 2021](#)

[Rapport om svangerskapsavbrot 2022](#)

[Rapport om svangerskapsavbrot 2023](#)

Utgitt av Folkehelseinstituttet
[MARS 2025]
Postboks 222 Skøyen
NO-0213 Oslo
Telefon: 21 07 70 00

Rapporten kan lastes ned gratis fra www.fhi.no